

Kvartalsrapport for

2. kvartal 2015



Valle Sparebank

Delårsrapport 2. kvartal 2015

Rekneskapsprinsipp

Pr. 1.1. er banken sine pensjonsskyldnader ført etter IAS 19. Det har redusert egenkapitalen i banken med 4,15 mill. kr.

Forvaltningskapital

Pr. 30.06.15 er forvaltningskapitalen på 1.381,7 mill. kroner. Dette er ein auke på 31,0 mill. kroner, eller 2,3 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.06.15 på 1.204,3 mill. kroner, som er ein vekst på 71,9 mill. kroner, eller 6,4 % i forhold til samme tidspunkt i fjor. Det har vore ein auke på 53,1 mill. kroner eller 4,6 % i forhold til 01.01.15. Banken har ved utgangen av 2. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 385,1 mill. kroner, ein auke på 3,3 mill. siste 12 månadar. Total utlånsending (eigen balanse og EBK) er 5,0 % siste år.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.06.15 på 1.063,5 mill. kroner, som er ein auke på 50,5 mill. kroner, eller 5 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 88,3 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstall 89,5 %. Det har vore ein auke i innskot på 27 mill. kroner eller 2,6 % sidan 01.01.15.

Resultat av ordinær drift

Resultat av ordinær drift før skatt viser eit overskot på 5,6 mill. kroner, mot eit overskot på 6,9 mill. kroner til same tid i fjor. Resultatet etter skatt viser eit overskot på 4,5 mill. kroner, mot eit overskot på 5,2 mill. kroner til same tid i fjor.

Rentenetto

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 13,0 mill. kroner, som er 0,6 mill. kroner lågare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 1,92 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 2,05 % på same tidspunkt i fjor.

Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter er på 5,3 mill. kroner, som er ein nedgang på 0 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader utgjorde 11,7 mill. kroner mot 10,8 mill. kroner i same periode i fjor. Av dette er 8,8 mill. kroner løn og generelle administrasjonskostnader mot 8,4 mill. kroner i fjor.

Tap og misleghald på utlån og garantiar

Netto tap på utlån og garantiar utgjer ein kostnad på 1,04 mill. kroner, mot ein kostnad på 1,2 mill. kroner til same tid i fjor. Størstedelen av tapskostnadene er avsetningar på engasjement som har svak inntening, eller har for låg trygd til å dekke engasjementets storleik.

Kapitaldekning

Banken har ein ansvarleg kapital på 160,5 mill. kroner ved utgangen av 2. kvartal 2015. Dette gir ei kapitaldekning på 20,61 % uten at årets overskot er lagt til bankens ansvarleg kapital.

Spesielle kommentarer til resultat og balanse

Utlån til personmarknaden utgjer 1046,0 mill. kr (960,7 på same tidspunkt i fjor) eller 87,3% av samla utlån i eigen balanse. Utlån til næringsmarknaden utgjer 158,8 mill. kr (171,7 på same tidspunkt i fjor) eller 12,7% av samla utlån i eigen balanse.


Utsikter for resten av året

Rentemarginen er redusert i høve til på same tid i fjor, hovudsakleg på grunn av konkurransesituasjonen og svært lågt rentenivå.

Likviditetssituasjonen er betryggjande, og banken har få, små og godt spreidde låneforfall.

Utlånsauken i banken har så langt i år vore om lag som budsjettert. Styret forventar hard kamp om kundane framover, og tilstrekkeleg kundevekst er ei utfordring for norske bankar. Ny forskrift skjerpar krava til kven som kan få bustadlån, noko som truleg vil redusere den generelle kredittveksten noko. I sin tur kan dette føre til at det vert endå vanskelegare å oppnå nødvendig volumvekst. Styret opplever likevel at Valle Sparebank framstår som ein attraktiv bank, og såleis står godt rusta til å møte konkurransen.

Den realøkonomiske utviklinga, og risikoen for tap på utlån, er nok den viktigaste enkeltfaktoren som kan påverke resultatutviklinga den nærmaste tida. Fokus på engasjementsoppfølging og kredittrisiko vil difor verte prioritert framover.


Jostein Rysstad
(styreleiar)

Frode Buen

Valle, 11.august 2015

Olav K. Mosdøl
(nestleiar)

Gro Haatveit


Magnhild Bjørnara

Vidar H. Homme
(Adm. banksjef)

Tap på utlån	30.06.15	31.12.14	30.06.14
Mislegghaldne lån:			
Brutto mislegghaldne lån:	5.723	2.950	3.713
Netto mislegghaldne lån:	4.754	2.001	3.713
	0		
Tapsutsette lån:	6.580		
Brutto tapsutsette, ikkje mislegghaldne lån	5.480	5.694	9.692
Netto tapsutsette, ikkje mislegghaldne lån	0	4.394	7.602
Tap på utlån og garantiar:			
Periodens endring i nedskriving på individuelle utlån og garantiar	-200	-1.021	-1.181
+ Periodens endring i nedskriving på grupper av utlån og garantiar	0	0	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år er avsett / nedskriva for	135	2.826	2.037
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år ikkje er avsett / nedskriva for	1.118	569	436
- Periodens inngang på tidlegare periodars konstaterte tap	17	130	96
Periodens tapskostnader	1.036	2.244	1.196

Kvartalsvis resultatutvikling	2.kvartal	1.kvartal	4.kvartal	3.kvartal	2.kvartal
<i>(Tal i heile tusen)</i>	2015	2015	2014	2014	2014
RESULTAT					
Renteinntekter og liknande inntekter	11.785	12.210	13.199	13.457	13.760
Rentekostnader og liknande kostnader	5.131	5.891	6.276	6.338	6.925
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	6.654	6.319	6.923	7.119	6.835
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	1.691	20	0	12	890
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	2.013	2.196	2.321	2.213	2.321
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	379	374	377	401	404
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	7	0	95	62	223
Andre driftsinntekter	92	72	210	91	65
Løn og generelle administrasjonskostnader	4.507	4.278	5.548	3.488	4.272
Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	91	91	90	113	112
Andre driftskostnader	1.655	1.106	1.263	1.231	1.002
Resultat før tap og skatt	3.825	2.758	2.271	4.264	4.544
Tap på utlån, garantiar m.v.	-513	-523	-81	-967	-383
Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	32	0	-16	2.265	-9
Skatt på ordinært resultat	457	626	592	1.383	987
Resultat av ordinær drift etter skatt	2.887	1.609	1.582	4.179	3.165

Nøkkeltal	30.06.15	31.03.15	31.12.14	30.09.14	30.06.14
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1,92 %	1,88 %	2,06 %	2,07 %	2,05 %
Driftsinntekter	0,79 %	0,57 %	0,72 %	0,74 %	0,81 %
Driftskostnader	1,74 %	1,63 %	1,68 %	1,57 %	1,64 %
Resultat for rekneskapsåret	0,67 %	0,48 %	0,82 %	0,94 %	0,79 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	5,09 %	3,66 %	5,98 %	7,27 %	6,07 %
Kostnader i % av totale inntekter	64,05 %	66,50 %	60,60 %	55,80 %	57,10 %
Kostnader i % av totale inntekter eks. kursvinst./tap	64,07 %	66,50 %	61,64 %	56,89 %	58,56 %
Tap i % av brutto utlån	0,09 %	0,05 %	0,19 %	0,19 %	0,11 %
Netto ansvarleg kapital	160.520	161.565	163.322	151.525	151.525
Kjernekapital	160.520	161.565	163.322	151.525	151.525
Tilleggskapital	0	0	1	0	0
Risikovekta balanse	778.725	754.775	762.700	751.525	731.738
Kapitaldekning i %	20,61 %	21,41 %	21,41 %	20,16 %	20,71 %
12 mnd forvaltningsvekst	2,30 %	0,47 %	6,36 %	2,11 %	1,75 %
12 mnd utlånsvekst	6,35 %	4,45 %	4,93 %	4,56 %	3,48 %
12 mnd innskuddsvekst	4,98 %	3,47 %	5,23 %	4,78 %	4,38 %
Innskudd i % av utlån	88,31 %	89,35 %	90,03 %	87,24 %	89,46 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	1.361.097	1.359.788	1.337.452	1.332.620	1.328.713
Antall årsverk	13,5	14,5	15,0	14,5	14,5

Resultatrekneskap

Prosent av gj. sn. forv. kapital

Beløp i heile tusen

30.06.14	31.12.14	30.06.15		30.06.15	31.12.14	30.06.14
4,15 %	4,04 %	3,56 %	Renteinntekter og liknande inntekter	23.995	54.025	27.369
2,10 %	1,98 %	1,63 %	Rentekostnader og liknande kostnader	11.022	26.451	13.837
2,05 %	2,06 %	1,92 %	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	12.973	27.574	13.532
0,15 %	0,07 %	0,25 %	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	1.711	995	983
0,69 %	0,68 %	0,62 %	Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	4.209	9.092	4.558
0,12 %	0,11 %	0,11 %	Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	753	1.538	760
0,07 %	0,05 %	0,00 %	Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmi	7	628	471
0,02 %	0,03 %	0,02 %	Andre driftsinntekter	164	415	114
0,81 %	0,72 %	0,79 %	Sum andre driftsinntekter	5.338	9.592	5.366
1,27 %	1,30 %	1,30 %	Løn og generelle administrasjonskostnader	8.785	17.433	8.397
0,03 %	0,03 %	0,03 %	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidler og immaterielle egedelar	182	427	224
0,33 %	0,35 %	0,41 %	Andre driftskostnader	2.761	4.663	2.169
1,64 %	1,68 %	1,74 %	Sum andre driftskostnader	11.728	22.523	10.790
1,23 %	1,09 %	0,98 %	Driftsresultat før tap	6.583	14.643	8.108
-0,18 %	-0,17 %	-0,15 %	Tap på utlån, garantiar m.v.	-1.036	-2.244	-1.196
0,00 %	0,17 %	0,00 %	Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmid	32	2.240	-9
1,05 %	1,09 %	0,83 %	Resultat av ordinær drift før skatt	5.579	14.639	6.903
0,26 %	0,28 %	0,16 %	Skatt på ordinært resultat	1.083	3.692	1.717
0,79 %	0,82 %	0,67 %	Resultat av ordinær drift etter skatt	4.496	10.947	5.186

Balanse

Eigedelar

Beløp i hele tusen

	30.06.15	31.12.14	30.06.14
Kontantar og fordringar på sentralbankar	15.529	16.441	16.463
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6.535	40.540	29.368
Utlån til og fordringar på kundar	1.204.282	1.151.231	1.132.336
- Nedskrivningar på individuelle utlån	-2.049	-2.249	-2.089
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-2.600	-2.600	-2.600
Netto utlån og fordringar på kundar	1.199.633	1.146.382	1.127.647
Overtatte eigedelar	7.150	7.150	7.150
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	89.970	88.991	88.822
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	41.688	41.203	54.493
Eigarinteresser i tilknytt selskap	0	0	0
Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
Immaterielle eigedelar	333	0	0
Varige driftsmidler	14.725	14.709	14.912
Andre eigedelar	1.010	489	615
Forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	5.105	9.978	11.205
Sum eigedelar	1.381.678	1.365.883	1.350.675

Gjeld og egenkapital

Gjeld til kredittinstitusjonar	117.278	135.483	138.453
Innskot frå og gjeld til kundar	1.063.478	1.036.481	1.013.026
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	0	0	0
Anna gjeld	4.902	5.387	4.961
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	11.535	2.726	14.140
Avsetningar for påkomne kostnader og skyldnader	1.750	2.615	2.665
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Sum gjeld	1.198.943	1.182.692	1.173.245
Opptent egenkapital	178.239	183.191	172.244
Udisponert overskot	4.496		5.186
Sum egenkapital	182.735	183.191	177.430
Sum gjeld og egenkapital	1.381.678	1.365.883	1.350.675

Vilkårsette skyldnader	67.481	67.371	57.279
Skyldnader	52.646	63.838	73.618